

## Saksframlegg

Saksbehandlar: Jan Heggheim, Nærings- og kulturavdelinga  
Sak nr.: 16/4048-1

### **Fjord Norge as - oppnemning av styrerepresentant**

**Fylkesdirektøren rår hovudutval for næring og kultur til å gjere følgjande vedtak:**

**Som Sogn og Fjordane fylkeskommune sitt styremedlem i Fjord Norge as vert valt:**

Assisterande fylkesdirektør for næring og kultur Endre Høgalmen

Vedlegg:

Andre dokument som ikkje ligg ved:

---

## **SAKSFRAMSTILLING**

---

### **1. Saksopplysningar**

Fjord Norge AS marknadsfører Vestlandet i utlandet, og fylkeskommunen støt denne viktige innsatsen med om lag 3 mill kr pr år. Fylkeskommunen er også aksjonær i Fjord Norge AS, og har eitt styremedlem. Ein del av styremedlemane er på val, og det er fylkesdirektør Jan Heggheim som har vore fylkeskommunen sitt styremedlem.

Det er hovudutval for næring og kultur som oppnemner fylkeskommunen sitt styremedlem.

### **2. Vurderingar og konklusjon**

Fjord Norge er ein operativ organisasjon som skal drive internasjonal marknadsføring. For ein del år sidan vart det etablert ein praksis der fylkeskommunane er representerte i styret, særleg fordi desse yter etter måten store tilskot, og styret skal sjå til at tilskota blir nytta i tråd med fylkeskommunale strategiar. Det har vore semje mellom fylkeskommunane om at dei peikar ut styremedlemmer frå næringsadministrasjonen. Tanken bak dette er å sikre ein god kontakt mellom Fjord Norge AS og fylkeskommunane sin næringsinnsats.